

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
121/21	Utval for næringutvikling og drift	10.11.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Lyngøy honning - Sentral honning og næringsvirksomhet
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Sentral honning og næringsvirksomhet* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 10.11.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 121/21 Vedtak:

Prosjektet *Sentral honning og næringsvirksomhet* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringutvikling og drift

Bakgrunn

Føretaket er eit einpersonsforetak. Registrert 20.07.2021. Bransje: 01.490 Husdyrhold ellers

Saksopplysningar:

Lyngøy honning driv i dag to bigardar på Leknes i Alver kommune med totalt 10 bikuber.

Om prosjektet

På Vestlandet er det krevjande å drive med bier som deltid- og fulltidsstilling, om ein skal basere seg på honningproduksjonen åleine, skriv søkjar. Årsaka er kort sommarsesong/produksjonssesong der ein er avhengig av godt ver for å oppnå eit tilstrekkeleg overskot. Uforutsigbarheit knytta til klimatiske høve fører til at ein må ha fleire bikuber for å oppnå lønsemd. Eit årsverk som birøktar estimerast til drift av 250 bikuber, men vil trulig vere høgare på Vestlandet grunna faktorar nemnde ovanfor.

Prosjektleveranse/Målsetting

Det er ønskjeleg å utvikle eit konsept som muliggjer deltid- og fulltidsstilling innafor birøkt med tilhøyrande bigard og produksjonslokale. Utleige av bikuber til næringsdrivande fins ikkje i Knarvik i dag, og søkjar ønskjer å utvikle moglegheita for denne typen landbruksverksemd. Søkjar meiner at samarbeid med næringslivet vil kunne gje positive effekt for birøktar og næringsdrivande. Det er ei målsetting at utleige av bikubene vil kunne gje økonomisk grunnlag for drift som birøktar på Vestlandet samt moglegheit for omdømmebygging for verksemda, i tillegg til eit salbart sluttprodukt.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Sentral honning og næringsvirksomhet	158 573	79 286	50 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg

prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, arbeidsplassutvikling i Alver kommune, nyskaping og samarbeid.

Vedlegg i saken:

03.11.2021	Lyngøy honning, søknadsskjema	1635115
03.11.2021	Lyngøy honning, vedlegg	1635116